

# Årsmelding 2024

## Hjelme og Blomvåg sokn



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Hjelme og Blomvåg sokn

Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve  
Grafisk produksjon og redaktør:  
Yngvild Mørner Sørheim



# HJELME OG BLOMVÅG SOKNERÅD



**Erling Vik**  
Soknerådsleiar

## Innleiing

Mitt fokus for innleiing for årsmelding dette året er «Taknemlighet».

I Hjelme og Blomvåg er me velsigna med mange frivillige og ansatte som veke etter veke legg ned stor innsats i ulike arbeidsgrupper i kyrkjelyden. Dette for at me alle skal få eit godt fellesskap.

Mange barn og unge kjem til våre samlingar og det er dei som er vår framtid.

Ellers er det flott å møtast til ulike arrangement og gudstenestefellesskap der det er stor variasjon og mange bidragsytare. Takk til dykk alle.

Vår visjon og vårt mål er framleis at dei som kjem til våre samlingar får kjenne seg elska av Gud, og at denne kjærleiken kan komme til uttrykk mellom oss.

Nettopp du er unik og høgt elska av Gud.

## Soknerådet har handsama 74 saker i 2024 og består av:

Strategiarbeid, offersøknadar, fellesskapskveldar, julefest og andre samlingar, ungdomsteam, samt økonomi og budsjettsaker. Ellers står Naturlig Menighetsutvikling (NaMu) fast på soknerådet sin dagsorden.

## Gudstenestelivet

Soknerådet er oppteken av at gudstenestene våre skal ha variasjon og at dei skal vere for menneske alle aldrar. Alle er velkomen. Det ligg styrke i å møte Gud saman med andre. Soknerådet legg vekt på at gudstenestene skal opplevast som inkluderande og at menneska som kjem til gudstjenesta skal oppleve å bli møtt og sett på ein god måte. Det er variasjon i innhaldet som t.d. sprell levande gudstjenester som er lagt opp for barn og unge sitt engasjement i gudstjenesta. I forlenginga av dei fleste gudstjenester har vi kyrkjekaffi, den gir oss ein flott arena for å sjå kvarandre og styrke våre relasjonar i fellesskapet.

Samarbeid mellom ulike forsamlingar og kyrkjelydar er viktig. Det er godt å stå saman med andre. Samarbeidet omkring Øygaardssong og Refuel Weekend er derfor veldig verdifullt. Anna viktig

samarbeid er gudstenesta på Vik bedehus på Kristi himmelfartsdag.

## Felleskapet i kyrkjelyden

Soknerådet arbeider for eit godt fellesskap også utanfor gudstenestene. I årshjulet vårt er fellesskapskveldar, morgonmesser, påskekveld, julefest med meir faste møtepunkt gjennom året som me håper gir rom for å skape meir varme relasjonar og fortrulegheit inn i vårt fellesskap. I 2024 var det arrangert Song- og musikkhelg i Blomvåg kyrkje med ulike arrangement for små og store. For å styrke kyrkjelyden satsar soknerådet på arbeidet med varme relasjonar og livsnære grupper. Me tek regelmessige analyser av livet i kyrkjelyden og i 10 år har det vist seg at me har mest å henta på å arbeide med varme relasjonar og livsnære grupper. Relasjonane har vorte varmare, men gruppearbeidet er på staden kvil. Det finst nokon smågrupper og me har ein eigne samlingar for leiarar av mindre grupper. Men me ynskjer å sjå smågruppearbeide veksa.

## Misjon

Å drive misjon er grunnleggande viktig i ein kristen samanheng. Misjon er ikkje berre noko me gjer, det er noko me er. Om me ikkje er ein misjonierende

kyrkjelyd stoppar veksten opp. Kyrkjelyden har tre misjonsavtalar. Me er engasjert i misjonsarbeid i Thailand gjennom ein avtale med NMS og IMI-kyrkja i Stavanger (Normisjon). Og i Egypt støtter me «Stefanusbarna» gjennom Stefanusalliansen. Dette ser me igjen i kyrkjelyden ved stort engasjement frå konfirmantane i form av bøsseinnsamling og misjonsløp. I fjor arrangerte me fellesskapskveld med fokus på Egypt. Tre frå kyrkjelyden hadde vore i Egypt og laga eit konfirmantopplegg for Stefanusalliansen.

## Skjergardsheimen

Skjergardsheimen er svært viktig for leirarbeidet i regi av kyrkja. Det er Hjelme og Blomvåg sokn som er eigar av leirstaden. Leirstaden har eige styre og er eit A/S for å oppfylle formelle krav til selskapsform. Det er store oppussingsbehov på leirstaden.

## Soknerådet

Faste medlemmer: Erling Vik (leiar), Aina Elisabeth Hellesund (nestleiar), Gisle Kårbø Rong, Steinar Konrad Blom, Martin Jonas Hellesund Nakken og Therese Dale Gerhardsen. Fast møtande varamedlem: Gustav Magne Landro. Sokneprest Espen Tveten møter fast i soknerådet og Kari Sandøy Rong er sekretær.





# ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



**Espen Tveten**  
Sokneprest

Å vere prest i Hjelme og Blomvåg er meningsfullt. Eg er svært takksam for alle eg får møte i denne tenesta. I løpet av ein arbeidsdag kan eg møte alle aldersgrupper i alle slags livssituasjonar. Å få gå saman med løna og uløna medarbeidarar og peike på Jesus er ei stor velsigning.

## Kven er Hjelme og Blomvåg sokn?

Annakvart år gjer me ei analyse blant eit representativt utval av kyrkjelyden. Ei slik analyse hjelper oss å forstå kven me er. Noko av det som kjem fram er at me er ei gudstenesteglad kyrkjelyd, me ynskjer å nå breitt ut i lokalbefolkninga og det er mykje glede iblant oss. Dette er flotte kjenneteikn på ein levande kyrkjelyd.

Folk i Hjelme og Blomvåg er glad i kyrkja si. Tre døme på dette er den store oppslutninga omkring 17. mai-gudstenesta i Hjelme gamle kyrkje. Det lange

17. mai-toget går frå Sæle-krossen til kyrkja og langs vegen har bygdefolket pynta vakkert. Eit anna døme er det gode samarbeidet med barnehagane og skulane. I 2024 tok skulane med glede imot kyrkja når me gav tilbod om eit opplegg omkring 1000-årsjubileet for kristenretten. Til sist tek eg med det gode samarbeidet med Nærmiljøutvalet Bakken krins der me planlegg 150-årsjubileet til Hjelme gamle kyrkje i september.

## Statistikk

Tala frå 2024 er omtrent på nivå med året før. Me har stabile tall, men er ikkje tilbake på nivå med topp-åra rett før pandemien. Samstundes har Hjelme og Blomvåg det høgaste talet på gudstenestedeltaking i prostiet målt opp mot folketalet. Eit tal som har vist markant stiging er talet på vigslar. Utviklinga dei siste åra syner ei gravis auke. Dei siste åra har talet vore 4/7/10/15. Det vert spennande å sjå om utviklinga held fram.

Gudstenester og ulike seremoniar samlar mange menneske i kyrkjene våre. Desse gjennomsnittstala over deltakarar gjev ein peikepinn om frammmøte: søndagsgudstenester: 106 personar. Gravferd: 99 personar. Vigsel: 82 personar. Eit anna tal synar at når det er nattverd i våre gudsteneste går 76 av dei frammmøtte til nattverd. Eit tal me må følgje med på er dåpstala. Dei er dalande i Noreg. Hos oss vart 29 av 41 born døypte i 2023, men har stege til 38 av 42 i år. Desse tala er unøyaktige sidan mange ikkje vart døypt det året det vart fødd.

Når det gjeld gravferder hadde me 38 gravferder totalt. Heile 16 av dei var i Hjelme. Sjølv om berre om lag 25 % av soknet bor der, var delen gravferder på 42 %. Denne tendensen har vore merkbar i fleire år sidan den eldste delen av kommunen soknar til Hjelme kyrkje.

## Offer og gjevarteneste


For to år sidan byrja me ein offensiv for å auke gjevartenesta. Offergleda auka fyrste året og har og auka vidare i 2024. Det er gledeleg at gåver til eige føremål auka med 35 % til kr 57 245. Fast gjevarteneste hadde og ei vekst på 35 % til kr 218 128. Samstundes dekker ikkje dette heile utgifta til barne- og ungdomsarbeidet der kostnadar med å ha eit ungdomsteam er høge. Me må arbeide for stadig vekst i gjevartenesta. Diakoniutvalet sin store basar gav ei god inntekt til arbeidet. Gåver til andre lag og organisasjonar auka 12 %.




# STATISTIKK

## DELTA KING PÅ GUDSTENESTER


Antal gudstjenester under årstal




## ANTAL DØYPTE OG FØDDE




I 2024 vart det døypt 38 barn av 42 fødde. Desse tala kan vera unøyaktige sidan mange ikkje vart døypte i året dei vert fødde



ANTAL KONFIRMERTE



ANTAL GRAVFERDER



ANTAL VIGDE

# ÅRSMELDING FRÅ DIAKONIMEDARBEIDAREN



**Ellen Ebbesvik**  
Diakonimedarbeider

Diakoniarbeidet i 2024 har vore variert og innhaldsrikt. Diakoniutvalet har bestått av diakonimedarbeidaren og fire frivillige.

I år fekk me ha alle dei planlagde formiddagstreffa våre. Ein torsdag i månaden møttest 30-40 personar til drøs, song, mat og andeleg påfyll. Kantor Øystein Steinsland er fast akkompagnatør og bidreg også med solosong.

Gjennom året har me hatt besøk av Irene Krokeide Alnes, Espen Tveten, Roy Lerberg, Torolv Morlandstø, Arne Engelsen, Hogne Berland m/ungdomsteam, Karen-Oliva Solheimslid, Johnn Hardang og Per Hjemdal. Vi avslutta året med adventssamling i Hjelme kyrkje. Gode timar med sosialt samvær, mat, andakt og song.

I Hjelme kyrkje har me song- og salmekveld ein tysdagskveld i månaden med oppmøte av 25-30 personar kvar gong. Me song kjente og ukjente songar og salmar. Nokre kveldar fokuserte me på ein songforfattar. Det var alltid ein gjest som fortalde om sin song og kvifor den er viktig. Ein pause med litt kaffi, te, frukt og ein drøs vart det også tid til.

Den siste samlinga før sommaren var 17. mai-festen. Den samla 39 personar frå heile soknet. Dette er ei innhaldsrikt samling med tydeleg Jesus-fokus, der menneske skal bli sett og dei nære relasjonane styrka.

I året som har gått, har me hatt sju kveldssamlingar med "Småprat med noko attåt" på kyrkjekontoret på Rong. Ei uformell samling med lav terskel, der folk kan komme og berre vere seg sjølv. Nokre kjem med, og nokre utan handarbeid. Eit viktig arbeid med å

styrke nære relasjonar. Vår første basar var 1. mai i lokala til Blomvåg barnehage. Her var mange frivillige involvert. Det vart servert heimelaga kakar til over 200 menneske og vi fekk svært mange flotte gevinstar levert. Dagen innbrakte kr 75.000 som helt uavkorta gjekk til ungdomsarbeidet i Hjelme og Blomvåg sokn.

Målet er ein basar på våren 2025, der desse midlane også skal gå til ungdomsarbeidet i soknet vårt.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste. I år arrangerte me ein felles sorgkveld i Foldnes kyrkje. Dette året var det tre personar som delte frå sitt eige liv, i møte med sorg og korleis det er å leve

med sorga. I forkant av allehelgensgudstenesta i Blomvåg, hadde me stand på Rong senter. Soknepresten, diakonimedarbeidaren, diakoniutval og representant frå soknerådet delte ut lys og materiell. Me fekk fleire korte, men gode, samtalar med dei som kom bort til standen.

På allehelgensgudstenesta var alle pårørende som hadde mista ein av sine sidan hausten 2023 spesielt inviterte. Me las opp alle namna og tente lys for dei avdøde.

Diakonimedarbeidaren tilbyr samtalarog heimebesøk. Det inkluderer både sjelesorg og sorgarbeid. Dette arbeidet har hatt ei auke sidan 2023. Me har også frivillige som reiser på besøk for samtale over ein kaffikopp.

Planane framover i 2025 er å ha ei aktiv diakoniteneste i soknet. Faste arrangement som formiddagstreff, song- og salmekveld, og småprat med noko attåt fortset som tidlegare. Det gir stor glede i arbeidet å sjå at det kjem fleire og fleire på arrangementa våre.





# ÅRSMELDING FRÅ KYRKJELYDSPEDAGOGEN



**Hogne Berland**  
Kyrkjelydspedagog

«Men Jesus sa: Lat dei små borna koma til meg, og hindra dei ikkje! For himmelriket høyrer slike til.»  
Matt 19,14.

Eit godt kyrkjelydsarbeid har fokus på at borna og ungdomane skal få høyre om Jesus og kva han har gjort for dei. «For himmelriket høyrer slike til». Her kjem nokre glimt frå 2024.


## Ungdomsteamet

Etter forsøket med å starte opp igjen med ungdomsteam i samarbeid med Helgeland folkehøgskule i 2023, vart ordninga vidareført hausten 2024 med fire nye andreårselevar frå skulen. Dei fire er Adrian Magne Sollid, Timothy Calem Hefley, Matilde Valvik Birkeland og Kaia Stautland Eide. Det har vore gledeleg å ha begge kjønn representert i teamet. Som mange andre stader er det gjerne fleire jenter enn gutar som deltek på kyrkjelege tiltak. Vi ser at guttane i teamet har ei viktig rolle i å få kontakt med guttane som kjem på våre arrangement. Teamet er også svært nyttig for å få nok leiarar på dei mange leirane vi arrangerer på Skjergardsheimen. Vi arbeider med å få team også til hausten igjen.

## Leirane på Skjergardsheimen

Oppslutnad på barneleir i forhold til talet på døpte i målgruppa dei siste åra:

## DELTAKELSE PÅ LEIR



I tillegg deltok 40 ungdomar på ungdomsskuleleir i juni. Som vi ser er det noko nedgang i oppslutnaden, men det er litt tidleg å sei om dette er ein trend. Vi opplever framleis at svært mange vil på leir og både born og foreldre uttrykker takksemnd for leirtilbodet.

Elles er det verdt å merke seg at vedlikehaldsbehova på Skjergardsheimen er store og at dette er ei utfordring som ligg der no. Økonomien til Skjergardsheimen er heller ikkje slik at den kan ta store løft. Det er framleis fullt mogleg å arrangere leir på Skjergardsheimen, men om vi framleis skal ha ein leirplass om nokre år, må tiltak iverksetjast.





## Tweensalderen

Vi held fram med å satse på Tweensfest. Det vart arrangert i Blomvåg barnehage ein gong på våren og ein gong på hausten. Det kom i snitt 80 barn på desse samlingane. Det er i tillegg starta ein Tweensklubb på Nautnes bedehus. Då er det saman med Yngres på Vik bedehus eit tilbod både i nord og sør for aldersgruppa 5.-7. klasse. I tillegg samlar Gospel Teens mange jenter frå denne aldersgruppa på sine øvingar. Målet er at Tweensfest kan vere storsamling for denne aldersgruppa. Utover dette ønsker vi framleis å starte fleire bibelgrupper for aldersgruppa. Ei gruppe for guttar i 8. klasse kom raskt i gang tidleg i haust og møtast annankvar veke heime hjå ungdomsteamet.

## Revidering av trusopplæringsplan er ferdig

Gruppa som har arbeidd med revidering av trusopplæringsplanen er ferdig med sitt arbeid og resultatet vart presentert på eit soknerådsmøte i haust. Av nye satsingar som har fått plass i planen, kan vi nemne Ranselbøn for 6-åringar, Tweensfest og eit nytt konfirmantopplegg. I tillegg er det gjort mange mindre endringar. Det er eit mål at trusopplæringsplanen skal vere opp til revidering ein gong kvar soknerådsperiode, altså kvart 4. år.

## Skule/kyrkje-samarbeid

Samarbeidet med skulane opplevst godt. I 2024 var det 1000-årsjubileum for kristenretten på Moster og vi tilbydde barneskulane eit besøk med eit opplegg knytta til dette. Dette takka alle skulane

ja til. Sokneprest Espen Tveten hadde skrive eit skodespel om Olav den heilage og tinget på Moster. Kyrkjelydspedagog Hogne Berland og ungdomsteamet deltok då skodespelet vart framført for alle borna på skulane. I tillegg var me innom i fleire klassar med eit undervisningsopplegg med gruppeoppgåver i etterkant.

Utover dette har samarbeidet med skulane i 2024 bestått i:

- 2. klassane (og nokre 1. klassar) på besøk i kyrkjene for omvisning og undervisning om kva vi brukar ei kyrkje til.
- 6. klassane på besøk i Blomvåg kyrkje for undervisning om kyrkjekunst og symbolbruk i kyrkja.
- Julegudstenester for kvar av skulane, inkludert ungdomsskulen.
- Besøk på skulane med undervisningsopplegget Bibelsporet/Vandring gjennom Bibelen for 5. klasse.
- 3. klasse på Tjeldstø skule på vandring på gravplassen i Hjelme kyrkje med undervisning om gravferd.

## Utprøving av nytt konfirmantopplegg

Frå hausten 2024 har vi prøvd ut eit nytt opplegg for konfirmantane med færre fellesundervisningar. På fellesundervisningane er dei delt i grupper og undervisninga går føre seg med fire stasjonar som dei rullerer mellom. I tillegg samlast gruppene heime hjå teamet eller Hogne utanom fellesundervisningane. Desse samlingane minner meir om ei bibelgruppe. Opplegget skal evaluerast etter konfirmantåret 24/25.

# JESUS, MY SAVIOUR, SOLID GROUND BY YOUR BLOOD I'M SAFE AND COVERED, FREE AND FOUND



Gospel Teens sang på Øygardssong i Rong kulturhus

## ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



**Øystein Steinsland**  
Kantor

### Kyrkjemusikalsk arbeid

Gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsbesøk, konsertar, føremiddagstreff, salmekvelder, Vi syng jula inn, samarbeid med grunnskule/barnehage, medverknad frå ulike musikkaktørar som: solistar, songgrupper, instrumentalistar og lydteknikarar

### Viktige hendingar i 2024

- Vi syng jula inn i Hjelme med Skulemusikkorpset
- Vi syng jula inn i Blomvåg med Gospel Teens
- Øygardssong 19.-20. oktober
- Allehelgenkonsert 28. september i Blomvåg med Vivian Steinsland
- Konsert i Hjelme gamle kyrkje 8. sept. med Olaug Elise Alvheim, Terje Nilsen og Øystein Steinsland
- Orgelkonsert 7. juli i Hjelme ved Øystein Steinsland
- Konsert i Hjelme kyrkje 29. april med Rong Brass

- 13.-14. april Song weekend med foreldra til Mirjam Olsen frå ungdomsteamet
- Fellesskapskveld 19. mars med band, forsongarar og orgel
- Konsertar med Aage Samuelsen repertoar på føremiddagstreff Hjelme og Foldnes, Nautnes bedehus, v Song- og salmekveld i Hjelme
- Jolefest 7. januar i Hjelme kyrkje med Kor Harmoni og Småbarnssong

### Frivillige musikkrefter

Dei frivillige musikkreftene er ein stor resurs for soknet og dei berikar oss med fine musikalske opplevingar. Av aktørane kan ein nemne: Gospel Teens, Lyskasteren, Kor Harmoni, Småbarnssong, Øygarden Skulemusikkorps, ulike instrumentalistar, band, songarar og lydteknikarar. Tusen takk for deira bidrag.

### Fagdagar Moster

I samband med 1000-års jubileet for Kristninga av Noreg var det Fagdagar for kyrkjemusikarar 3 og 4 juni. Flott program som gav inspirasjon til vidare arbeid.

## Jobben som kantor/seksjonsleiar

I 2024 har eg spela ved 128 tenester i Øygarden kommune. (Gudsteneste, vigsel, institusjonsandakt, gravferd) 12 føremiddagstreff, 6 salmekveldar, 7 konsertar.

Eg har framleis rolla som fagleg leiar for kyrkje-musikkseksjonen. Dvs. at i faglege spørsmål vert eg rådført. Seksjonsleiarjobben har vore delt med Mathilde Dale Løvfall jan-mars og Erlend Femdal resten av året. Det har fungert godt.

Eg er så heldig å ha mange gode flinke kollegaer rundt meg. Miljøet i staben på Rong er godt, arbeidsoppgåver er godt planlagt og informasjonsflyten er god. Kontakten med kyrkjelyden kjennast open, inkluderande og positiv.

Jobben som kantor vert opplevd som meiningsfull og verdfull. Her møter ein folk i alle livsfasar der ein gjennom musikken kan røre ved noko djupt og grunnleggjande.

## Visjonar for framtida

I 2025 jobbar me med å få til ei flott feiring av Hjelme gamle kyrkje sitt 150-årsjubileum. Vonar dette jubileet kan vere med på å skape eit engasjement rundt kyrkja og at Hjelme gamle kyrkje vert brukt mykje i framtida.

Ønskjer å halde fram med å ha med solistar på gudstenestene. Oppretthalde og støtte musikalsk samarbeid med bedehusmiljøa. Ta vare på det gode arbeidet som vert gjort, men samstundes ha rom for utvikling og fornying.

Få til eit engasjement rundt kyrkja frå alle som bur i kommunen, og at dette skapar gode oppvekstmiljø der folk kjenner seg sett og opplever livsglede.

Under kyrkjelydshelga i april vart det arrangert songkveld ed band og forsongarar



## Medarbeidarane i Hjelme og Blomvåg sokneteamb:

Medarbeidar	Stilling
Espen Tveten	Sokneprest og sokneteambelar
Øystein Steinsland	Kantor
Kari Ragne Sandøy Rong	Administrasjonskonsulent
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Kari Synnøve Bekkenes	Kyrkjetenar
Solveig Børve Skjold	Helgekyrkjetenar
Janesh Amenya	Kyrkjegardsarbeidar
Hogne Berland	Kyrkjelydspedagog
Adrian Sollid	Ungdomsteam
Calem Hefley	Ungdomsteam
Kaia Eide	Ungdomsteam
Matilde Birkeland	Ungdomsteam

## Årsrekneskap for Hjelme og Blomvåg sokneråd 2024

Hjelme og Blomvåg sokneråd har i 2024 hatt eit samla positivt resultat før avsetjingar til fond på kr 47.196. Samla utgifter utgjer kr 933.164,53 og samla inntekter utgjer kr 980.360. Mindreforbruket er foreslått avsett til disposisjonsfond.

Offer og innsamling til eigne formål utgjer kr 57.245 i 2024. Offer til andre formål utgjer kr 182.347 og er utbetalt til ein rekke formål.

Gjevarteneste ungdomsarbeid utgjer kr 218.128 i 2024 og er brukt til å delvis dekke utgiftene til ungdomsteam, som i 2024 er rekna til kr 339.866. Gjevarteneste til eige arbeid utgjer kr 76.900. Vidare har Hjelme og Blomvåg sokn motteke gaver frå andre på til saman kr 364.507. Av dette er det mellom anna motteke kr 83.740 til Diakoni formiddagstreff, kr 106.430 til Ungdomsarbeid, kr 33.003 til Gospel Teens, og kr 90.064 til misjonsprosjekt.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Hjelme og Blomvåg sokneråd på mange ulike måtar i 2024.

